

Styremøte BSI Padling onsdag 8. februar 2012

Tilstades:

Magne Ingvaldsen
Eva Mykkeltvedt
Espen Raa Nilsen
Lillian Brekke
Gry Johannesen
Edvin Fields
Tone Bjåen (vara)

Ikkje tilstades:

Geir Inge Kirkeli (vara)
Anja Rydning

Stad: Hos Eva

Sak 9.12 – Sidan sist

Geir Inge vart ikkje tildelt noko verv då styret konstituerte seg sist møte. Edvin føreslår at han får vervet Turansvarleg elv. Dette har Edvin diskutert med han. Geir Inge har også gitt uttrykk for at han ønskjer å få til faste padledagar på elv, slik ein har på hav.

Tone tar ansvar og blir padlepilsansvarleg. Dette som eit resultat av at ingen hugsar å dra i gang padlepils i mars.

Sak 10.12 – Økonomi

Nettbanktilgang for Gry er ordna. Ho må berre signera og levera inn eit papir så får ho kodebrikka.

Magne og Gry har hatt ein gjennomgang på økonomi for å setja Gry inn i korleis ein gjer det i klubben. Rekneskap for februar er ført.

BSI Alliansen har endra tildelingskriteriane for tilskot. Vi må søke tilskot på konkrete utgifter. Magne skriv søknad om tilskot til naustleiga.

Sak 11.12 – Aktivitetskalender

Goltasamlinga i år blir 14.-16. september. Bente har bestilt naustet på Golta og held kontakten med forbundet om dette. Ho kjem tilbake med meir når det nærmar seg

Lillian jobbar med å få fram datoar for Vårsleppet på Bulandet og når/om det blir åreleik.

Dugnad.

Lillian føreslår at dugnaden blir flytta frå 10. april til 27. mars. Vedteke. Det blir pizza til dei som stiller.

Antall elvekajakkar til bassengbruk blir redusert etter dugnaden slik at ein både har elvebåtar som kan brukast ute og inne.

Flytebrygge. Espen prøver å rekruttera dykkarar som kan inspisera flytebrygga og fortøyningane. Dette blir bår dykkarane kan. Ikkje nødvendigvis under dugnaden.

Grillfest er føreslått 14. juni

Første faste padling hav blir tirsdag 10. april

Faste padlingar elv kjem også forhåpentlegvis i gang etter påske. Sjå over (9.12).

Sak 12.12 – Nettsida

Harald Skontorp seier seg viljug til å drifta nettsida teknisk i år som tidlegare. Han ynskjer tilbakemeldinger på kva som fungerer og kva som bør endras. Han kan utføra endringar, ikkje finna på dei.

Forslag om å få inn vass-stand i elvar lik Voss kajakkklubb.

Me bør undersøka mogelegheien for biletfunksjon der medlemmane kan lasta opp bileter.

Det er mange medlammar i klubben som tek gode padlebileter. Forslag om 'Årets bilete' konkurranse på nettsida. Dette må me finna ei teknisk/praktisk løysing på.

Eva gjer tilgang til nettsida til dei i styret som ikkje har det.

Lillian og Tone les gjennom og justerar tekst som treng det.

Sak 13.12 – Epostadresser

Ikkje alle epostadresser vidaresender til rett person. Eva tek og sjekkar over og rettar opp.

Sak 14.12 – Rekneskapsprogram

Magne og Gry har ikkje jobba så mykje med dette som ønska. Anbefalig må vera klar til neste styremøte.

Påminning om innbetaling av medlemskontingent og ev. naustleige blir ikkje sendt ut før dette er avklart. Ein håpar å senda ut faktura til alle medlemmar etterkvart.

Sak 15.12 - Ressursgrupper

Elv: Har hatt eit innleiande møte. Dei ynskjer å dela elve-relaterte oppgåver innad i gruppa som tidlegare.

Hav: Har hatt eit innleiande møte der mange iddear kom på bordet. Tida vil visa kven av dei som blir konkretisert.

Sak 16.12 – Eventuelt

Neste møte vert onsdag 18. april hjå Edvin (Grimseidåsen 14) klokka 19.